

Månadsbrev desember 2015



November var innholdsrik, men både haustsamlinga til **mellomtrinnet**, Garborgsenteret, **hospitering på vidaregåande**, arbeidstrening, **OD-dag**, nordisk bibliotekveke, **MOT-samling**, "Skala" og besøk av Terje Torkildsen var kjekt! Men Vitensenteret, Oljemuseet og "Ronja Røverdatter" tok nok kaka, som du sikkert allereie har forstått!

Desember byrja med improvisasjonskonsert med Bendik Baksaas for 8.-10. klasse, og musikarane syntest det var topp å spela for elevane våre og ei så lite gruppe! Ei gruppe ungdommar frå Sana Lund kjem på besøk onsdag 2. for å sjå Sirdal og opptre litt for Sinneselevar. Ungdomsskuleelevane fortset med **halvårsprøvar** i norsk, engelsk og matematikk (7.-11.). Dei førebur seg til alle prøvane, og det er øving til ein ev. eksamen, så det er viktig å verkeleg arbeida med tekstar og oppgåver. Alle klassar har adventssamling i ei eller anna form, og 1.-6. klasse skal ha **juleverkstad** med graut 8., småskuletrinnet skal **syngja på Dagsenteret** på Tjørhom 10. og mellomtrinnet planlegg å vera med på **peparkakebygdkonkurransen** på biblioteket. Juletrefesten vert 17. desember med vekt på Astrid Lindgren, og då er det flott om alle heimar tar med litt meir mat enn i fjar, for då vart det noko knapt.

Me held på tradisjonen med julegudsteneste (18.), men det er kome ei oppdatering frå Utdanningsdirektoratet om gudstenester i skuletida datert 13. november 2015. Dei rår skulane til å organisera deltaking ved at elevane aktivt melder seg på, og at det bør vera samtidig påmelding til gudstenester og alternative tilbod. Dei presiserer òg at fritak omfattar øving til gudsteneste. Som du truleg har lese i SMU-referatet, er det å vera med på ei gudsteneste ein del av kultur- og tradisjonsformidlinga i skulen, og ein var samde om at deltaking på gudsteneste vert eit punkt på "Samtykke frå foreldra" i 1., 5. og 8. klasse, og "det vert opplyst i månadsbrevet i passeleg tid før gudstenesta med tydeleg frist der foreldre/ føresette gjev beskjed om eleven ikkje skal vera med på gudstenesta. Det er sjølv sagt at elevar som får fritak for å vera med på gudsteneste, får eit alternativt opplegg på skulen." Om du ynskjer at barnet ditt skal delta på eit alternativt, pedagogisk opplegg på skulen, så send ein e-post eller SMS til klassestyrar eller underteikna **innan 15. desember** om dette.

OD-dagen skaffa minst kr. 5400 til Child Care-programmet på ARO-senteret. Alt er ikkje oversendt endå, men eg kan garantera at støtta vert sett pris på, anten pengane vert brukte på biblioteksbøker, senteruniform eller ei lite julegåve til alle barna.

Agder kollektivtrafikk informerer om at det blir endringar i buss- og drosjetjenester frå nyttår. For Sinnes skule blir det "I tråd med tidligere ønske fra FAU v/Sinnes skule m.fl. settes det inn 21-seters buss på strekningen Ådneram-Sinnes. Denne ruta vil nå bli utført av Sirdalsbussen (...). Sirdalsbussen vil også fortsette å kjøre strekningen Omlid-Sinnes (...). Tonstad taxi fortsetter å kjøre til/fra Skreå som nå."

Hugs onsdagsskule onsdag 16. desember for 1.-3. klasse!

Med dei beste ønske for ei fin adventstid,
ei fredsaél julehelg og eit strålande nytt år!

- og så snakkast me 4. januar! Sinnes 01.12.15, *Åse-Berit* (rektor)

